

## Informasjonsskriv til foreldre

tirsdag 1. mars 2016 09.15

Til foreldre/føresette

Teknologi kan leggja til rette for differensiering og ulike måtar å læra på, men det er måten me nyttar teknologi i undervisning og læringsarbeid som gjev resultat i skulekvardagen.

To utvalde trinn, på to utvalde skular i Klepp, er i vår med i eit pilotprosjekt der målet er å få erfaring om på kva måte elevane si læring kan stimulerast gjennom bruk av teknologi i form av nettbrett 1:1 i elevane sitt læringsarbeid.

Erfaringane me gjer oss gjennom dette prosjektet vil gje oss eit bilet av kva verknad dette kan ha i forhold til læring, motivasjon og relevans for elevane i skulekvardagen.

Dykkar barn er elev på eit av desse trinna der det resten av skuleåret vil bli brukt nettbrett som verktøy for undervisning og læring.

Dette inneber at kvar elev får tildelt ein iPad som dei skal bruka som sitt arbeidsverktøy i sitt læringsarbeid på skulen, og i arbeid med leksene heime.

Både elevar og involverte lærarar vil få opplæring i bruk av iPad'en, dei appane me nyttar og ulike arbeidsformer for læring for elevane. Erfaringane som vert gjort gjennom pilotprosjektet, vil ligga til grunn for å starta eit prosjekt på alle skulane i Klepp frå skulestart i haust.

Som del av at kvar elev får kvar sin iPad til utlån er det utforma kriterium som elevane må forhalda seg til. Når skulen ser det som formålstenleg vil elevane ha iPaden med seg heimk og jobba med nettbrettet for læring også her. For å sikra at informasjon er motteke må siste del av dette skrivet leverast attende til skulen, med signatur, for at elevane skal kunna ta med seg ipaden heim frå skulen.

### Reglement for bruk av nettbrett

iPaden er skulen sin eidegom og elevane må ta godt vare på den og behandla den på ein forsvarleg måte, på lik linje med anna materiell som er skulen sin eidegom.

iPaden skal alltid oppbevarast i omslaget som følgjer med.

Elevane skal sørge for at iPaden alltid er opplada når dei kjem til skulen.

iPad og ladar er merka med brukarnamnet til eleven. Dette må ikkje fjernast.

Elevane opprettar apple-ID frå ei kommunal e-postadresse – og det er berre den som skal nyttast.

Elevane kan ikkje lasta inn spel og appar utan avtale med skulen.

Føresette kan bli erstatningsansvarlege for iPaden etter Skadeerstatningslova § 1 – 2 første og andre ledd. Dette betyr at dersom eleven har øydelagt sin eigen eller andre sin iPad med vilje, kan foreldra bli erstatningsansvarlege med inntil 3500kr

---

Eg har lese informasjonen og er orientert om kriteria for handtering og bruk av iPad i i Kleppskulen

Signatur elev

Signatur føresett